

ÅRSMELDING

2011

**SOGN OG FJORDANE
FOLKEMUSIKKLAG**

Innhald	2
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	
- Administrasjon	3
- Medlemmer, medlemskap og representasjon	3
- Årsmøtet 2011	4
- Utgjevingar	4
- Fond	4
Prioriterte satsingsområde 2011-2014:	
- Informasjon	5
- Folkemusikkarena	6
- Kulturpolitisk arbeid	8
- Organisasjon	9
Diverse gladmeldingar	10
Samarbeidspartnarar	10

SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart skipa i 1981, og har etter årsmøtet 2011 følgjande formål:

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

STYRET

Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag har etter val på årsmøtet 2011 og konstituering hatt ei slik samansetjing:

Synnøve S. Bjørset (Jølster)	styreleiar
Kari Malmanger (Sogndal)	nestleiar
Oddbjørg Ese (Luster)	styremedlem
Dagfrid Vallestad Brevik (Førde)	styremedlem
Helene Myklemyr Bolstad (Luster)	styremedlem

Varamedlemmer:

1. varamedlem	Randi Støyva (Gloppen)
2. varamedlem	Bjørn Eivind Årdal (Jølster)
3. varamedlem	Aud Sissel Orheim (Eid)

1. vara har vore kalla inn til alle styremøte.

Styret har i meldingsåret hatt 5 styremøte, og handsama 47 saker. Nokre av sakene har vore handsama pr. e-post. Styret har i meldingsåret hatt eitt samarbeidsmøte med Hordaland Folkemusikklag.

ADMINISTRASJON

Dagrun Hesjevoll er tilsett som dagleg leiar i 50% stilling. Dagleg leiar er sekretær for styret og har elles ansvar for den daglege drifta av Folkemusikklaget. Folkemusikklaget har kontor på Bakken i Jostedal, og faste kontordagar er måndag, tysdag og onsdag.

Folkemusikklaget har engasjert Synnøve S. Bjørset som prosjektleiar for Mokurset 2011.

MEDLEMMER, MEDLEMSSKAP OG REPRESENTASJON

Folkemusikklaget hadde 445 medlemmer pr. 31.12.2011, 54 born og unge og 391 vaksne. Av desse er 13 enkeltmedlemmer direkte innmelde i Folkemusikklaget. 19 lokallag er tilslutta organisasjonen.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemsskap i:

FolkOrg

Sogn og Fjordane Kulturnettverk

Sogn og Fjordane Folkemusikklag er medstiftar i:

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har vore representert på:

Årsmøtet i Sogn og Fjordane kulturnettverk: Styreleiar Synnøve S. Bjørset

Årsmøtet i FolkOrg: Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll

Dialogmøte, Regional planstrategi kultur: Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll og styremedlem Dagfrid Vallestad Brevik

Politikardag, fylkestinget: Styreleiar Synnøve S. Bjørset

Førdekonferansen: Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll

SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

ÅRSMØTET 2011

Årsmøtet var lagt til Førdehuset i Førde, søndag 3. april. 8 medlemslag var representerte med til saman 13 utsendingar.

Frå styret møtte styreleiar Synnøve S. Bjørset, nestleiar Dagfrid V. Brevik, styremedlem Helene M. Bolstad og varamedlem Randi Støyva. Frå valnemnda møtte Aslak Johnsen.

Frå administrasjonen møtte dagleg leiar Dagrun Hesjevoll. Sigmund Eikås var møteleiar.

I tillegg til vanlege årsmøtesaker, vart det gjort vedtektsendringar i Sogn og Fjordane Folkemusikklag og Rolf Myklebust Minnefond.

Til stades var til saman 20 personar.

FOND

Sogn og Fjordane Folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

Rolf Myklebust Minnefond

Minnefondet har som føremål å stø utgjeving av tradisjonell folkemusikk frå Sogn og Fjordane. Fondet gjev ikkje stønad til nyinnspelningar eller utgjeving av nye komposisjonar på notar. Fondet sto pr. 31.12.11 med kr. 119 166,81 i eigenkapital. Det vart ikkje gjort tildelingar frå fondet i 2011.

Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011, og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. Midlar frå fondet kan gå til å dekkje evt. driftsunderskot frå Mokurset, og til å gjere investeringar i Mokurset etter vedtak i styret. Fondet sto pr. 31.12.11 med kr. 44 005,- i eigenkapital. Det vart ikkje gjort uttak av midlar frå fondet i 2011.

UTGJEVINGAR

Rolf Myklebust: *Slåttar i Nordfjordtradisjon*

Rolf Myklebust sine notehefte med *Slåttar i Nordfjordtradisjon* vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2011 527 hefte på lager. Hefte nr. 2 er utseld.

Skumringstimen

Boka *Skumringstimen* vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrive ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket. Boka inneheld også to cd-plater med opptak av kjeldene. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2011 88 bøker på lager.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

INFORMASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans:

- Gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til publikum og medlemmer.
- Arbeide for auka omtale av folkemusikk- og dans i media.

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad å vere synleg. Ein aktør som ikkje er synleg, er heller ikkje viktig. Folkemusikklaget arbeider for å gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til utøvarar, arrangørar, media og publikum.

Informasjonstiltaka våre kan delast opp i kategoriane passive og aktive. Døme på passive infotiltak er nettportalen www.folkemusikklaget.no. Her må interesserte lesarar sjølv oppsøkje portalen for å finne informasjonen dei ønskjer. Døme på aktive infotiltak er utsending av nyhendebrief og pressemeldingar. Her deler Folkemusikklaget relevant informasjon til definerte målgrupper.

NETTPORTAL

Folkemusikklaget har på nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane" laga ein felles informasjonsportal knytt til domena www.folkemusikklaget.no, www.mokurset.no, www.fylkeskappleiken.no og www.vestlandskappleiken.no.

Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Aktuelt
- Folkemusikklaget
- Kurs | Seminar
- Mokurset
- Fylkeskappleiken
- Vestlandskappleiken

På nettportalen blir det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker, og portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønskjer kan legge inn arrangementa sine.

Sakene på nettportalen blir produsert og publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene, samt informasjon frå eksterne aktørar om relevante saker og hendingar.

Folkemusikklaget har det redaksjonelle ansvaret for nettportalen, men innhaldet på menypunkta Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken blir produsert og publisert av dei lokale kappleiksarrangørane.

NYHENDEBREV

Folkemusikklaget har sendt ut eit månadleg nyhendebrief til alle medlemslag, enkeltmedlemmer og andre interesserte vi har registrert kontakinfo på, samt våre samarbeidspartar og regionale kulturaktørar. Sakene i nyhendebriefet blir generert ut frå nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane".

PRESEMELDINGAR

Folkemusikklaget har sendt ut pressemeldingar til media i fylket i samband med våre tiltak, prosjekt og arrangement. I samband med avvikling av Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har dei lokale arrangørane stått for utsending av relevante pressemeldingar. Fleire av pressemeldingane har ført til gode oppslag i media.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

FOLKEMUSIKKARENA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Sikre gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for born, unge og vaksne gjennom å:
 - skipe til eigne arrangement
 - samarbeide med relevante aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt om arrangement.
 - oppmode kulturskular og spelemannslag til samarbeid om folkemusikktilbod

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad der fins gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for både born, unge og vaksne. Den levande folkemusikktradisjonen føreset at der fins utøvarar som driv formidlingsverksemd, at denne formidlingsverksemda rekrutterer nye utøvarar, og at det blir drive opplæringsverksemd som skapar nye utøvarar.

Folkemusikklaget kan ikkje sikre alle desse arenaene åleine, men vi skal ta vår del. Og vi skal samarbeide med andre aktørar som er med på sikre desse arenaene, og dessutan oppmode fleire og nye aktørar om å sikre slike arenaer.

KAPPLEIKAR

SMØRBUKK-KAPPLEIKEN

Smørbukk-kappleiken gjekk av stabelen på Mo i Sunnfjord laurdag 12. mars, og hadde 67 deltakarar frå heile fylket. På scena var det innslag av både song, fele, hardingfele og toradar i solo og samspel. Smørbukk-kappleiken er ein uformell arena der barn og unge får synge, spele og danse for kvarandre, og møte andre unge i fylket med same interessene. På Smørbukk-kappleiken er det plass til alle, og alle er vinnarar!

Deltakarane fekk premie i form av Smørbukk-karamellar og raus applaus. Og Smørbukk-juryen, i år samansett av Aslak Johnsen, Mari Andrea Ness og Ottar Nedrebø, hadde ikkje nokon lett jobb då dei skulle kåre:

Årets Smørbukk: Hardingfelespelar Mathilde Skjæret frå Jostedal

Årets sjarmør og humørspreiar: Songarane i "Krudlalaget" frå Gaupne

Årets mest morosame innslag: Koret "Kaupedalen" frå Kaupanger og Sogndalsdalen

Årets beste kostyme: Felespelarane i Aurland musikk- og kulturskule

Årets beste nylaga song: Songarane Eirik Aa Albretsen og Oddbjørn Litlabø

Smørbukk-kappleiken 2011 vart sponsa av Norsk Barneblad, Lerum og Førdefestivalen, og fekk stønad frå Rådet for folkemusikk og folkedans.

FYLKESKAPPLEIKEN

Fylkeskappleiken gjekk av stabelen i Naustdal 1.-2. april, med Naustedalen Spelemannslag som lokal arrangør. Kappleiken hadde over 250 deltakarar i alle aldrar, og det var 84 startnummer i spel, song og dans. Fylkesarkivet var tilstades og gjorde lydopptak av heile kappleiken.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på www.fylkeskappleiken.no

VESTLANDSKAPPLEIKEN

Vestlandskappleiken gjekk av stabelen på Sande i Gaular 7.-9. oktober med Gaular Spelemannslag og Dalsfjorden Spelemannslag som lokale arrangørar. Kappleiken hadde 150 deltakarar i alle aldrar, og det var 69 startnummer i spel, song og dans. Fylkesarkivet var tilstades og gjorde videoopptak av kappleiken. Resultatliste frå kappleiken er å finne på www.vestlandskappleiken.no

KURS | SEMINAR

INSTRUKTØRSEMINAR

Folkemusikklaget inviterte i samarbeid med fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune til instruktørseminar. Målgruppa var alle som driv opplærings- og undervisningsverksemd innan musikk og dans, men seminaret var særskilt retta mot instruktørar innan folkemusikksjangeren. Seminaret var meint som ei "vitamininnsprøyting", inspirasjon og fagleg påfyll for instruktørane, og var ope for alle som ønskte å delta. Seminaret vart diverre avlyst grunna for få påmelde.

MOKURSET

Mokurset er eit sommarkurs i folkemusikk og –dans for born, unge og vaksne, og gjekk av stabelen på Mo i Sunnfjord 10.-15. juli. Kurset hadde 67 deltakarar.

Mokurset hadde følgjande kurstilbod i 2011:

- Song- og spelkurs på fele, hardingfele, trekkspel, toradar og folkemusikkgitar
- Folkeleg dans, fordjuping
- Meisterklasse på hardingfele, i samarbeid med Førdefestivalen

Nytt av året var samarbeidet med Førdefestivalen om ein meisterklasse på hardingfele.

Kurset i folkemusikkgitar måtte diverre avlysast grunna for få påmelde.

Dei andre kurstilboda gjekk som planlagt.

Sigmund Eikås, Ingrid Heieren, Knut Hamre og Vidar Underset på hardingfele, John Oddvar Kandal og Jorun Marie Kvernberg på fele, Rannveig Djønne på toradar, Helene Myklemyr Bolstad på trekkspel, Ellen Therese Thuland på song. Meisterklassen på hardingfele vart leia av Håkon Høgemo, og fordjupingskurset i folkelegdansen vart leia av Ami Petersson Dregelid og Ellika Frisell. Mari Andreas Ness leia felleddans for alle kursdeltakarane.

Kursleiar: Dagrun Hesjevoll

Prosjektleiar: Synnøve S. Bjørset

Konsertar under Mokurset 2011:

Slik kan det gjerast – instruktørkonsert

Har du lyst, har du lov – deltakarkonsert

To Rette og Ein Rang – open konsert, dansemusikk av Gamlebanken Spelemannslag i etterkant

Mokurskonserten – avslutningskonsert med alle deltakarane

Mokurset 2011 vart sponsa av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Førdefestivalen, Tine, Lerum og Luster Sparebank – vi rettar ei stor takk til desse!

Mokurset fekk stønad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, KOMP, Rådet for folkemusikk og folkedans, FolkOrg og Norsk Folkemusikkfond.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

KULTURPOLITISK ARBEID

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Vere ein synleg kulturpolitisk aktør som sikrar medlemmene sine interesser

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at aktørane på folkemusikkfeltet har gode rådevilkår for verksemda si. Kulturpolitiske prioriteringar og offentlege løvvingar påverkar rådevilkåra i stor grad, og det er viktig at folkemusikkfeltet til ei kvar tid kjempar for betre rådevilkår.

KULTURPOLITISKE SAKER

Fylkesmusikarordninga, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkestinget gjorde i 2010 eit endeleg vedtak om ein reduksjon på kr. 200 000 i fylkesmusikarordninga. Folkemusikklaget meiner dette kuttet vil svekke rådevilkåra for arbeidet med tradisjonelt spel, song og dans i fylket. Folkemusikklaget meiner vidare at ordninga si framtid skulle handsamast politisk, og at det var kritikkverdig at evalueringsrapporten frå 2010 ikkje vart følgd opp. Det vart difor sendt eit ope brev til hovudutval for kultur i 27. april. Brevet vart også publisert på ulike nettportalar og i sosial media. Styreleiar Synnøve S. Bjørset heldt også innlegg om fylkesmusikarordninga på politikardagen til fylkestinget 26. september.

Regional planstrategi, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkeskommunen skal utarbeide ny regional planstrategi (RPS), og Folkemusikklaget har gjeve høyringsuttale på den delen av RPS som omhandlar kultur. Sentrale punkt i Folkemusikklaget sin uttale var at den immateriell kulturarven (IKA) ikkje var omtala i det heile, og at IKA burde integrerast i RPS.

Oppretting av nytt musikkråd i Sogn og Fjordane

Folkemusikklaget har vore i dialog med Norsk musikkråd om oppretting av eit nytt Sogn og Fjordane Musikkråd og regionledd av Musikkens studieforbund, og stør oppretting av eit nytt regionalt musikkråd framfor å halde fram med det eksisterande Sogn og Fjordane kulurnettverk.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

ORGANISASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Kontinuerleg utvikle organisasjonen gjennom å:
 - sikre god flyt av informasjon internt i organisasjonen
 - initiere samarbeid med relevante aktørar regionalt, nasjonal og internasjonalt
 - nytte menneskelege og økonomiske ressursar i organisasjonen til det beste for formålet

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at organisasjonen som arbeider med dette er ein velfungerande, framtdsretta, sjølvutviklande og effektiv organisasjon med god kompetanse.

STYREARBEID OG ARBEIDSGJEVARANSVAR

Styret har arbeidd med å etablere gode rutinar for sakshandsaming og rapportering. Styreleiar har utarbeidd "Styreleiarpermen" med informasjon om oppgåver knytt til styreleiarvervet og arbeidsgjevaransvaret.

RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON

Folkemusikklaget har arbeidd med å skape gode rutinar for å rapportere og dokumentere verksemda vår, og har mellom anna arbeidd med å digitalisere delar av eldre papirdokument, samt investert i digitale lagringsmedium.

SAMARBEID

Folkemusikklaget har hatt fleire gode samarbeidspartnarar i 2011.

Særleg Hordaland Folkemusikklag (HFL) har vore ein viktig samarbeidspart for oss. I januar 2011 hadde vi felles styremøte med HFL, og fekk på dette møtet drøfta og diskutert ei rekkje moglegheiter og utfordringar. Vestlandskappleiken har vore eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeslaga i ei årrekke, og det vart på fellesmøtet også teke initiativ til ein ny start for dei såkalla storkursa. Vidare er informasjonstiltak eit samarbeidsområde.

Fylkesmusikarordninga har faglege og menneskelege ressursar som vi har nytta oss av i samband med planlegging av instruktørseminar. Førdefestivalen har også mykje god kompetanse på arrangementsavvikling og marknadsføring som vi har fått nytte godt av i samarbeidet om ein Meisterklasse med utvikling av framtidens festivalstjerner på Mokurset.

Naustedalen Spelemannslag har vore ein flott samarbeidspartnar i avviklinga av Fylkeskappleiken, og like eins spelemannslaga i Gaular og Dalsfjorden i samband med Vestlandskappleiken.

DIVERSE GLADMELDINGAR


Elin Grytting og John Oddvar Kandal vart tildelt Gloppen kommune sin kulturpris 2011
Gamlebanken Spelemannslag vart kåra til nordiske meistarar i lagspel under Nord 11.
Mathilde Skjæret fekk tildelt Audhild Moxnes Flaktveit Minnepris under Vestlandskappleiken 2011
Nikolai Storevik fekk Drømmestipendet frå Norsk Tipping og Norsk kulturskoleråd
Norill Therese Norheim representerte Sogn og Fjordane på landsmønstringa i UKM
Synnøve S. Bjørset fekk Folkelarmprisen 2011 for plata "Soli" saman med Anne Hytta og Åse Teigland

SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2011 hatt ei rekkje samarbeidspartnarar og økonomiske støttespelarar, og vi rettar ei stor takk til alle som har bidrege til realiseringa av ei rekkje tiltak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
Førdefestivalen
KOMP
FolkOrg
Rådet for folkemusikk og folkedans
Tine
Lerum
Luster Sparebank
Norsk Barneblad
Hordaland Folkemusikklag
Naustedalen Spelemannslag
Gaular Spelemannslag
Dalsfjorden Spelemannslag

Skei i Jølster, 4. januar 2011



Synnøve S. Bjørset - styreleiar

Kari Malanger - nestleiar
(sign.)

Helene Myklemyr Bolstad - styremedlem
(sign.)

Dagfrid Vallestad Brevik - styremedlem
(sign.)

Oddbjørg Ese - styremedlem
(sign.)